

SOL I SKUGGESKOG

STILLE OG STRAUM



**1/ VI LEVDE**

**2/ TA HANDA MI**

**3/ LJOS TID**

**4/ TVILEN**

**5/ EG SER EIT LJOS**

**6/ SVIKAREN**

**7/ VIVET MITT**

**8/ SØLVGRÅ VÅR**

**9/ VINTERMORGON**

**10/ KVELDEN OG DU KJEM I LAG**

**11/ VESLE VEN**

Låtene til dette albumet er skrevet i en periode som spenner over flere år. Noen av dem har vært med oss fra begynnelsen – andre har kommet til underveis. Det samme gjelder tekstene. Som før, er det «Onkel Finn» (Finn Sandum) som står for hovedparten av tekstene på plata. Samtidig inneholder den bidrag fra to andre tekstforfattere; Inge Krokann og Einar Lian-Bjørgum. Selv om tekstene stammer fra forskjellige kilder, spinner innholdet i dem rundt de samme temaene.

Låtene har sin faste form idet vi går inn i studio, og veien dit de skal ende opp synes klar. Så skjer det noe i møtet med medmusikere og tekniker; låtene tar nye veier og får nytt liv. Det er i dette treffpunktet at denne plata oppstår. Låt for låt har tatt sin endelige form gjennom dette samspillet, og etter noen mørke, men flest lyse, dager i Brygga har «Stille og straum» til slutt sett dagens lys.

## **1/ VI LEVDE**

(F. Sandum/E. Lian-Bjørgum)

Du høyrer ikkje regnet som slår i mot taket.  
I natt er eg einsleg, i natt må eg vake.

Eg veit du er borte, langt vekk i frå meg.  
Men veit ikkje om du veit kor eg elskar deg.

Ska tru om du vakar i natt i ditt regn,  
om du óg saknar, så gjev meg eit tegn.  
Vi gjorde kan hende vårt beste, vi to.  
Dei stunder vi levde, vi levde i lag.  
Dei stunder vi strevde, vi strevde i lag.  
Vi gret da vi gret, og lo da vi lo.



## **2/ TA HANDA MI**

(F. Sandum/E. Lian-Bjørgum)

Eg kjenner meg så einsleg når eg stundar,  
eg veit at du er langt, langt herifrå.  
Eg vasar vilt omkring sjølv om eg blundar,  
eg veit ikkje å få natta til å gå.

Ta handa mi, du kjære, når det mørknar.  
Kom, følg meg gjennom timane mot natt.  
Kom hit og bli her gjennom nattas timer  
ogsov på armen min til morgenon kjem att.

Eg vimsar gjennom dagane og saknar  
eit feste som mitt liv kan hengjast på.  
Eg saknar deg så sárt, eg kan ikkje gløyma  
dei gode stundene du lærde meg å sjå.

Ta handa mi, du kjære, når det mørknar.  
Kom, følg meg gjennom timane mot natt.  
Kom hit og bli her gjennom nattas timer  
ogsov på armen min til morgenon kjem att.

## **3/ LJOS TID**

(F. Sandum/Ø. Sandum)

Ei lita jente med solljost hår.  
Eg ser deg for meg i sommareng  
der villgrasblomar i bløming står,  
og eg ligg langstrak i blomsterseng.

Mot ljósblå himmel i kveldsraud sol  
ei svale swingar seg gjennom lufta.  
Du svinsar rundt i din sommarkjol-  
kring gamle murar på sætertufta.

Ei lita dronning med blomsterkrans  
av løvetann rundt det raude håret.  
Du gjev meg styrke og pågangsmot  
til å møte mørkret i vinteråret.

Ein sommardraum, ei sommardronning,  
ei jente på fire år.  
Du opnar døra til solskinslandet  
der brisen i graset går.



## 4/ TVILEN

(E. Lian-Bjørgum/E.Lian-Bjørgum)

Du fekk som du sådde, du valde å dra.  
Vende alt ryggen og gjekk derfrå.  
Valet var ditt aleine, og no må du stå  
for det du gjorde og greie å sjå,

at sjølv om du aldri kan snu om og gå attende,  
kjänner du lengsla bit.  
Sjølv om du veit at alt har vorte til det betre,  
kjänner du tvilen slit.

Varmen vert borte, det innsåg du jo.  
Alvoret i det står klart først no.  
Valet var ditt aleine, og no må du stå  
for det du gjorde og greie å sjå,

at sjølv om du aldri kan snu om og gå attende,  
kjänner du lengsla bit.  
Sjølv om du veit at alt har vorte til det betre,  
kjänner du tvilen slit.

## 5/ EG SER EIT LJOS

(F. Sandum/E. Lian-Bjørgum)

Eg ser ei stjerne på himmelen  
kvar einaste mørke natt.  
Om dagen ser eg sola  
som alltid kjem att.

I tunge, mørke tider  
er stjerna litt mindre klår,  
men sjølv på regntunge dagar  
eg anar kvar sola står.

Då ser eg kva som hender  
når eg meg mot mørkret snur;  
eit ljós står der kvar enn eg vender,  
og ljoset eg ser; det er du!

## 6/ SVIKAREN

(F. Sandum/Ø. Sandum)

Eg sit ved ei breidde med stille og straum,  
eg høyrer på elva som renn.  
Eg greier ikkje fange den songen ho syng,  
eg sit berre stille og gret.

I vemod og einsemd eg ruslar derfrå  
og suset frå elvsøget dovnar.  
Ved bekken står heggen med blomane på  
og der under treet eg sovnar.

Med svevnen kjem draumen, og saman med den  
kjem songen frå elva attende.  
Songen er vakker, men likevel vond.  
Fortel meg brutalta kva som hende:

Du sveik dine draumar, du øydde din skatt,  
du øydsla med solrike dagar.  
Du vanskjøtta Kanaan og sådde ditt frø  
i aude og utpinte hagar.

Med svevnen kom draumen, og saman med den  
kom songen frå elva attende.  
Songen var vakker, men likevel vond.  
Fortalte brutalta kva som hende.

## 7/ VIVET MITT

(I. Krokann/E. Lian-Bjorgum)

No sit du og lengtar med vesla på fang, du vivet mitt.  
Lengtar til far den dagen så lang, du vivet mitt.  
Talar til vesla om far som för,  
snart kjem han heim att til deg og mor.  
Gud signe vesla og vivet mitt!

Eg ser kor glansen i auga skin hjå vivet mitt.  
Vogga av havdjupe kjærleiken din, du vivet mitt.  
Tankane varme som sjela di har,  
tunglyndet jagar frå senga hans far.  
Gud signe vesla og vivet mitt!

Å, gjev den stunda var nær oss no, du vivet mitt!  
Da far var heime hjå sine to, du vivet mitt.  
Han lengtar natta og dagen lang  
til mor og vesla i hennar fang.  
Gud signe vesla og vivet mitt!

## 8/ SØLVGRÅ VÅR

(F. Sandum/E. Lian-Bjorgum)

Det rislar i isvåte graset,  
det sullar så godt i ein bekk.  
Svartflugu vaknar i glaset,  
elv-isen morknar og sprekk.

Frå flekkberre, høge hør  
kjem sigande vårvåt eim.  
Snøbrotna bjørkvvister blør  
der gråtrosten byggjer sin heim.

I brunsvidde solveggen kviler  
ein gamal med sølvgrått hår.  
Han myser mot gronskande lier  
og smiler mot enda ein vår.

## 9/ VINTERMORGON

(F. Sandum/E. Lian-Bjorgum)

Når natta må vilke for dagen  
og gråljoset stille sig på,  
da er det stilt uti hagen  
og snøen fell dunlett der nå.

Eg lengtar ved vinterstider  
mot sumarens liv og leik,  
mens jorda ligg stille og kviler  
i vintermorgonen bleik.



## **10/ KVELDEN OG DU KJEM I LAG**

(F. Sandum/E. Lian-Bjørgum)

Roleg når kvelden sig innpå<sup>1</sup>  
og gøymer den vonde dag.  
Så veik vert den kalde verda.  
Kvelden og du kjem i lag.

Så vondt i den vrang verda  
når natta vaknar til dag,  
men dagen har og ein ende.  
Kvelden og du kjem i lag.

De kjem i lag.  
De kjem i lag.  
Dagen har og ein ende.  
Kvelden og du kjem i lag.



## **11/ VESLE VEN**

(E. Lian-Bjørgum/E. Lian-Bjørgum)

Smil til verda, ho smiler til deg.  
Hald eit åpent sinn til ei kvar tid.  
Prov og feile, ikkje feil i å prøve,  
og hugs; du kan rekne med oss to.

Hald ditt hovud høgt på din veg.  
Hald dine kjære nær, ved sida av deg.  
Hald din avstand, men ikkje driv av stad.  
Og hugs; du kan rekne med oss to.

Det finnst eit ljós rundt kvar sving,  
eit heilt nytt ljós rundt kvar sving.  
Frå dagen eg heldt deg i mi hand  
ság eg at vi høyrrer i lag.  
Du er ein del av det vi er,  
men framleis din eigen herre.  
Høyrr på meg no; hugs at vi to er med deg, vesle ven.



Albumet er innspilt i Brygga Studio, Trondheim.

Produsent: Sol i skuggeskog

Tekniker: Dag Erik Håvimb

Miksing: Dag Erik Håvimb

Mastering: Gavin Lurssen, Lurssen Mastering.

Sol i skuggeskog er:

Ingrid Lian-Bjørgum: vokal

Øyvind Sandum: trekkspill, harmonium, zither, vokal

Einar Lian-Bjørgum: gitar, perkusjon, vokal

Medvirkende musikere:

Knut Snee: kontrabass

Erlend Viken: fele, hardingfele

Kjetil Steensnæs: dobro, banjo, gitar

Anders Engen: trommer, perkusjon

Grafisk design: Eva Karlsson

Foto: Ketil Jacobsen

En helt spesiell takk til Finn Sandum som stadig lar oss få ta del i hans tekster. Tusen takk til Ingebjørg og Bjørn, Liv og Torgeir, Eli og Steinar for fantastisk hjelp og støtte. Takk til Guri og Harriet for tålmodighet og inspirasjon. Takk til Dag Erik Håvimb for dedikasjon og gode innspill. Takk til Knut Sneeve, Erlend Viken, Kjetil Steensnæs, Anders Engen for fantastisk samspill. Takk til Niels, Frode og Anders i Ta:lik Records for muligheten. Takk til Solrun Krokan Berg for tillatelse til å bruke hennes fars tekst. Takk til Oppdalsbanken, Puls Oppdal og Oppdal Kommune for økonomisk støtte.

Kontakt/booking:

[soliskuggeskog@gmail.com](mailto:soliskuggeskog@gmail.com)

+47 957 74 037

[facebook.com/soliskuggeskog](https://facebook.com/soliskuggeskog)

#soliskuggeskog

Ta:lik Records D/A [www.talik.no](http://www.talik.no)

